

Sak 60/20 OVERFØRING AV KOMMUNESTYREMØTER.

Saksopplysning:

Saka var sist oppe i regionrådet 28. august 2020, sak 36/20 Det vart fatta følgjande vedtak:

Regionrådet ber dagleg leiar om å innhente tilbod på ei løysing med overføring av kommunestyremøta i alle kommunar både på FM radio og med bilete på nett.

Administrasjonen i Regionrådet har innhenta tilbod i tråd med vedtaket gjennom anbodskonkurransen «KommuneTv for Hallingdalskommunene – tjenestekjøp»

Det vart invitert 3 aktørar til konkurransen, ein trakk seg undervegs slik at det ved anbudsopning hadde det kome inn tilbod frå to aktørar: CompanyCast og Radio Hallingdal med underleverandør.

Desse to tilboda vart evaluert og det viste seg at begge låg over terskelverdien for innkjøp. Det vart då gjennomført ny runde der dei aktuelle leverandørane vart kontakta og bedt om å presisere pris og leveranse. Reviderte tilbod vart levert frå begge partar den 6.10.2020.

Tilboda var vekta slik: Pris 30%, leveranse/kvalitet 70%

Pris:

Me ba om pris på ein 6 månaders pilotperiode i ein kommune og deretter pris for overføring av 11 kommunestyremøter pr. kommune pr. år i 4 år etter piloten:

Radio Hallingdal leverte eit tilbod på 1,22 mill total.

Company Cast leverte eit tilbod som var ein god del høgare

Prisane gjeld alle kostnader for møtelengde opp til 4 timar pr. møte og blir indeksregulert kvart år.

Leveranse/kvalitet:

Me ba m.a om leveranse på desse 10 punkta

- Direkteoverføring av lyd og bilete frå kommunestyret via nettbasert TV
- Skal kunne kutte sending for pauser/gruppemøter/uoff osv.
- Minst to ambulante kamera som kan fløttast mellom kommunane.
- Tilstrekkelig lyd i og ut frå den einskilde kommunestyresal.
- Lagring og evt redigeringsløyning for opptak og sending.
- Alle sendingar skal kunne bli «tagga» mot kvar enkelt sak for å oppnå raskare oppslag og betre oversikt for sjåarane. Spesielt med hensyn på historisk oppslag.
- Sending på digitale kanalar.
- Sending på lokal FM frekvens
- Moglegheit for integrasjon mot sosiale media og tilgjenge på kommuna si heimeside.
- Operativ drift av sendingane frå kommunestyresalene i løpet av møtet

Radio Hallingdal var vurdert til å ha best leveranse på 7 av 10 punkt

Vinnar av konkurransen: Radio Hallingdal.

Vurdering:

Vinnar av konkurransen, Radio Hallingdal har levert eit heilheitleg tilbod i tråd med dei krava som var sett, og kostnadsnivået i tilbodet er innanfor del 1 av FOA. Dert betyr at kommunane i framtida få overført kommunestyremøta både på FM radio, som i dag, og som ei nettbasert TV sending.

Prisen på 1,22 mill inkluderar

Pilotperiode i ein kommune = 5 - 6 kommunestyremøte

11 kommunestyremøte pr. kommune pr år i 4 år = 246 kommunestyremøte

Dette gir ein pris pr. møte på ca. kr. 4550 inkl. etterarbeid.

Det som kan koma i tillegg er ei arkivløyising som «snakkar» med nytt arkivsystem, ein ekstra-kostnad på kr. 450 pr. time for den tida som går ut over 4 timar pr. møte og årleg indeksregulering.

Gjeldande avtale kostar 4200 pr. møte + kr. 1000 om ein ønskjer oppspitting av saker og tilgjengelege lydfiler på eigen nettside.

Dagleg leiar si vurdering er at de nye tilbodet er ei svært god ordning for kommunane både når det gjeld kvalitet på leveransen og pris. Prisen på tilbodet er ca 650 kr rimlegare pr. møte enn dagens ordning om ein heldt møtelengda under 4 timar. Årsaka til dette er at nytt utstyr gjer oppsplittingsjobben enklare.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet ber dagleg leiar utarbeide avtale med Radio Hallingdal basert på tilbodet som er gitt i anbodskonkurransen. Denne avtale skal vedtakast i kvar kommune.
2. Regionrådet vedtek at nn kommune blir pilotkommune med oppstart i januar 2020.
3. Regionrådet rår til at kvar kommune tek stilling til om ein ønskjer TV overføring av kommunestyremøta i tillegg til FM overføring og at ein inngår avtale med Radio Hallingdal under føresetnad av at pilotperioden kan vise til godt resultat. Oppstart kan skje i august 2021 eller i beste fall tidlegare og begge partar er klare for det.

Hallingdal, 18. nov. 2020

Jan Olav Helling

Dagleg leiar